

## Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Pauline Tomren, MDG, sette på vegner av MDG, A, SP, SV og Krf fram slikt tilleggsforslag:

«Eg fremmar endrings- og tilleggsforslag til sak PS 23/2020 til "5.1 Tiltak og handlingsplan" under overskrifta "Opplæring" på vegne av Ap, Sp, Sv, Krf og MDG.

Vi har desse tilleggsforslaga til punktlista:

- Arbeide for eit normkritisk syn på utbreidt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring
- At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien

Vi har også dette endringsforslaget:

Endre frå "Arbeide for at samleger opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, er ein bevisst innkjøper og forbrukar." til

"Arbeide for at **alle** opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, **oppsamling av panteflasker** og er ein bevisst innkjøper og forbrukar."

### Avrøysting

Innstillinga vart samråystes vedteke.

Tilleggspunktet og endringsforslag frå Tomren vart vedteke mot ei røyst frå FNB.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget vedtek plaststrategien, ein plastfri natur og eit plastfritt hav for Vestland fylkeskommune.

Tillegg til punkt 1, med desse endringane:

**5.1 Tiltak og handlingsplan** under overskrifta "Opplæring"

Vi har desse tilleggsforslaga til punktlista:

- Arbeide for eit normkritisk syn på utbreidt bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring
- At alle skular lagar ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding- og evaluering av strategien

Vi har også dette endringsforslaget:

Endre frå "Arbeide for at samleger opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, er ein bevisst innkjøper og forbrukar." til

"Arbeide for at **alle** opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, **oppsamling av panteflasker** og er ein bevisst innkjøper og forbrukar. "

2. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utvikling av ein heilsakaplege klima- og miljøstrategi i samleger avdelingar og seksjonar i fylkeskommunen. Dette vil blant annet bli gjort i det årlige interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen.